

Planinitiativ for oppstart av detaljregulering for naust og fritidsbustadar i søre og nordre Naustbakken på gnr. 11 bnr 108 mfl.

a) Bakgrunn og formål med planarbeidet.

Tre grunneigar har slått seg saman for å lage til ein felles detaljregulering for deira eigedommar som ligg ved sjøen i søre og nordre Naustbakken. Initiativtakar er Pekka Virtanen som er eigar av 11/8 og 11/19, og han har fått med seg naboane Toralf Steinsland der sonen Torgeir Steinsland er eigar av gnr/bnr 11/23, 11/1, samt Per Harald Gjerde som er sonen til Randi Gjerde, som er grunneigar av gnr/bnr 11/4. Innfor planområdet er det også eit ein utbygd nausteigedom 11/75. Denne grunneigaren er ikkje med som tiltakshavar for planarbeidet, men det er valt å ha denne eigdommen med i planområdet, då det vil vera unaturleg å trekke eigdommen utanfor planområdet, dette sidan den er omkransa av eigedom 11/4.

Formålet med planarbeidet er å få ein plan som har ei fortetting av det eksisterande naustområdet. Dette gjeld eigedommane på gnr/bnr 11/ 1, 11/4 og 11/23. Det er ikkje noko naust på desse eigedommane per i dag, men i kommuneplanen er det satt av areal til det formålet. Eigedom 11/8, 11/19 og 11/75 har naust.

Når det gjeld eigedom 11/19 der det gamle naustet ligg, vil ein legge opp til vern av kulturminnet. Naustet er eigd av same grunneigar som eiger av 11/4, sjølv om det står på eigedom 11/19. Eigedomsgrensar bør bli justert i samband med planarbeidet.

På eigedom 11/8 der det er eit lite naust, og intensjonen er ha det slik det er, og at ein har ei strand mellom dei to nausta.

Det er ynskje om å regulere 2 stk. fritidsbustader på eigedom 11/8 der det kommuneplanen er satt av til fritidsbustader.

Ein ynskjer i tillegg legge opp til parkeringsplass ved Nordre Naustbakken, dette for å sikra gode nok parkeringsforhald for det som skal kome av naust og som skal ha tilkomstveg frå Nordre Naustbakken. Tilsvarande tenker ein også få parkeringsplassar på søre Naustbakken sida.

I sjø er det eit ynskje om å regulere til småbåtanlegg i sjø ved naustområda. Dette slik at kvart naust får ein båtplass . Ein vil også føreslå å regulere for badeområde i sjø og ferdsel i sjø. I det eine badeområdet i sjø ynskjer ein opne for å kunne ha ein flytande sauna. Denne skal vera til privat bruk

b) Skildring av planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet.

Naustbakken er sør for Røysundskanalen og nord for Moster i Bømlo kommune.



 The detailed map shows the Naustbakken area with various planning zones. The 'Nordre naustbakken' is at the top, and 'Søre Naustbakken' is at the bottom. The map is color-coded: orange for residential areas, yellow for planned residential areas, and green for LNF (Landskapsnær Fritidsbebyggelse) areas. A road labeled 'H570 25' is visible at the top.	Planområdet er i kommuneplanen satt av til å ha andre typar bebyggelse og anlegg der det er vist oransje skravur, der det er lysare oransje farge er det oning for fritidsbustader, der det er gul skravur er det planlagt bustadar, og der det er grøn skravur er det LNF område.
--	---

Innafor planområdet er det 3 stk. naust, eit på eigedom 11/75, eit på 11/19 og eit på 11/8. Det er i tillegg frådelt to nausttomtar, som det ikkje er bygningar. Viser til eigedom 11/1 og 11/23. Området lengst sør er eigedom 11/8 og dette arealet er satt av til fritidsbustader.

Heile området Naustbakken er i omsynssone H570_25. Dette kjem seg truleg av at det har vore naust i dette området i lengre tider. Staden har namnet Naustbakken, etter bruken av området. Eit av dei tre nausta som er satt opp innafor planområdet er svært gammalt, og er automatisk verna. Dette er på eigedom 11/19. Dette naustet har i si tid vore brukt til båtproduksjon

Eigedommane er austvendt, og sjøen er på austsida. Det er svaberg og vik. Det er eit bekkefar i planområdet. Dette går ut i sjø ved det gamle naustet på 11/19. Ein av dei ting som bør ordnast er utløpet til dette bekkefaret, slik at det ikkje gjer større ska på naustet enn det alt har gjort.




Reguleringsplanområde sett fra sør. Det litle naustet er på eigedom 11/8



Planområdet sett frå eigedom 11/175 som er sør for planområdet og der det også er eit naust.




Ein er på neset på eigedom 11/4 og ser mot søre Naustbakken, og kan sjå det gamle naustet på eigedom 11/19 og det litle naustet på eigedom 11/8.



Ein er ved neset på eigedom 11/4 og ser mot Nordre Naustbakken, og kan sjå eksisterande naust på eigedom 11/75 og eit større kvitt naust som er utanfor planområdet.

c) Planlagt utbygging, anlegg og andre tiltak

Området ein ynskjer regulere er 16daa. Dette er eit areal som omfattar både areal i sjø og på land.




Ein har valt å ha eksisterande vegareal for Søre Naustbakken med kryss til Mostravegen med i planområdet. Dette slik at ein i plan sikrar ein vegtilkomst med beredskapsstandard. Dette er ein privat veg som er i bruk av fleire bustader, og fritidsbustadane vil trenge ein veg som er tilgjengeleg for brannbil. Planen vil såleis ikkje berre sikre god nok tilkomst til brann- og redning, den vil også sikre at eksisterande bustadar ein tilkomst som er etter dei krav som Bømlø brann- og redning krev.

Nordre Naustbakken, som er eksisterande tilkomst i Nordre Naustbakken, er ein kommunal veg som stetter kommunale krav. Ein har valt å ta med nedre del av denne, det det siste stykke ned til sjøen er litt smal. Det er frå denne sida ein kjem til å gjera tilkopling til vatn og avlaup.

Ein ynskjer planlegge for 6 naust på eigedom 11/4, Eit naust på eigedommane 11/1 og på 11/23, 2 stk. fritidsbustader på eit område som er på 11/8. Videre ønsker ein regulere inn dei eksisterande nausta som er på eigedommane, og regulere området rundt til småbåtanlegg på land og i sjø, badeplass på land og i sjø.

Det er laga til ei skisse som ein ynskjer ha som utgangspunkt for det vidare arbeidet. Sjå utklipp av situasjonsplan- skisse som er retta etter oppstartsmøtet.



Forslag til planføremål er fritidsbustader- konsentrert, småbåthamn i sjø i sjø og vassdrag, småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, uthus/naust/badehus, uteopphaldsareal, veg, gangveg, anna vegareal- grøntareal, parkeringsplassar, naturområde grønstruktur, turveg, badeplass, LNFR område, naturformål, ferdsel i sjø, naturområde

i sjø og vassdrag og badeområde. Eit eksisterande naust vil også bli regulert med ei omsynssone H570 Bevaring kulturmiljø.

d) Utbyggingsvolum og høgder

Ein tenker legge opp til naust som er i samsvar med føringar satt for naust i kommuneplanen for Bømlo kommune. Viser til §4.4.3 som også er utgula under.

4.4 Reglar for område sett av til naustføremål (Jf. PBL § 11-9, nr. 5 og 6, samt § 11-10, nr. 1 og 2)

§4.4.1 Innafor føremålet sett av til naust kan det byggjast naust, landfast flytebyggje m/landgang, utliggar og kai. Naust og tilhøyrande kai kan ikkje byggjast lengre ut enn 3 m frå kystkonturen. Flytebyggja kjem i tillegg til dette og kan ha maks storleik på inntil 15 m² og maks breidde 2,5 m. Den skal ikkje hindre fri ferdsel.

§4.4.2 Naust definerer me som eit bygg for lagring/oppbevaring av båtar og ulike fiskereiskap samt eit bygg til bruk for Maritim rekreasjon.

§4.4.3 Maksimalt tillat bruksareal er 40 m² (BRA) og maksimal mønehøgde er 5 meter målt frå ferdig golv.

§4.4.4 Taket skal utformast som saltak, med takvinkel mellom 40-45 grader. Takutstikk skal vera knappe. Taktekking skal vera som for tradisjonelle naust.

§4.4.5 Vindauge skal vera ståande (høge) utan store glasflater og utgjera maksimalt 3 % av den totale veggflata på naustet.

§4.4.6 Terrasse, balkong, ark, karnapp, rekkverk, levegg, grillhus, anneks, uthus er ikkje tillat i naustområde. Det same gjeld trapper påbygd utvendig fasade.

§4.4.7 Det kan godkjennast toalett og dusj. Maksimal størrelse på våtrom er 4 m²

§4.4.8 Isolasjon er tillat.

§4.4.9 Sløyebenk og vask er tillat.

§4.4.10 Det må dokumenteras rett til bilparkering før frådelling - eller før godkjenning av byggjeløyve på tidlegare frådelt tomt.

For å få ei praktisk løysing som ikkje krev for mykje landareal per naust, vil ein legge opp til at ein plasserer to og to naust saman. Maks høgde vil truleg bli kote +7 på alle dei nye nausta, då ein vil legge opp til topp golv på kote +2.

Der ein ynskjer ha fritidseigedom (rorbu) langs sjø vil ein følgje dei krav som er satt i §4.3. I §4.3.5 går det fram at kvar eining ikkje skal overstige 110 m². Det er ynskje om å regulere 2 stk. rorbuer i rekke der kvar rorbu utgjer 48 m² i grunnflate. Det er ynskje om å kunne ha 2 etg, der andre etasje inkluderer saltaket, så ein ynskjer legge opp til maks høgde på 7 meter over topp golv.

e) Funksjonell og miljømessig kvalitet.

I planarbeidet skal ein vurdere nærare funksjonelle og miljømessige kvalitetar for rorbuene. Nausta vil ein ikkje legge opp til strengare krav til enn teknisk forskrift krev.

Verknader av tiltaket på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader

Etter bygging av fleire naust og to fritidsbustader vil heile området framstå som eit maritimt naustmiljø. Nausta som vil bli bygd vil følgje alle krav til naust og vil bli tilpassa dei eksisterande nausta i området. Dei eksisterande nausta vil bli ståande, og gjerne bli restaurert.

Det vil vera framkomeleg med grusa gangvegar fram til kvart naust. Det vil bli plass til ein del båtar. Det vil bli mindre areal med svaberg, men det vil bli mindre terrengendringar som må på plass for å kunne byggje naust, rorbuer med brygger gangforbindlesar og parkering. Stor del av planområdet vil få formålet LNF- område.

Vegtilkomst for nokre eigedommar vil bli sanert, og vegtilkomst til bustadane vil bli betre enn det er i dag.

Tilgjenge for folk i området vert meir tilgjengeleg. vil bli mykje betre enn i dag. Dette ved at det vil bli regulert og bygd gangveg og turveg frå søre Naustbakken og heilt fram til Nordre Naustbakken.

f) Vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet

I samband med planarbeidet, må ein ta spesielt omsyn til at området er i ei omsynssone H570 for naust kulturmiljø. I planarbeidet må ein av den grunn sikre at ein skaper eit naustmiljø der ein tar omsyn til dei eksisterande nausta, for å sikra at ein får skapt positive og identitetsskapande element. Ein må sikra at det nye vert godt tilpassa det gamle, og at arealet rundt vert utforma slik at det vert lettare å halda det eksisterande verna naustet med kaianlegg ved like.

g) Planstatus: forhold til kommuneplan, gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og pågåande planarbeid

I planarbeidet må ein lage til ein plan som er mest mogleg i tråd med arealdelen til Bømlo kommune sin kommuneplan. Kommuneplanen som gjelder per 16.02.2026 er Kommuneplan 2013- 2025. Det er starta opp arbeide med rullering av gjeldande kommuneplan.

Det var ynskje om å få avklart i oppstartsmøtet om ein kan starte ein prosess med detaljregulering for området, med utgangspunkt i dagens kommuneplan og dagens kulturminneplan. I oppstartsmøtet vart det klart at ein skal kunne starte opp eit slikt arbeide, dersom dette er politisk forankra, og at ein må utvide planområdet slik at ein regulerer fram til offentleg veg, og vidare at ein held seg til å dei byggeområder som er satt av til byggeformål i kommuneplanen. Ein ynskjer minst mogleg endring av LNFR området. Sidan har det etter korrespondanse med sakshandsamar i Bømlo kommune kome fram følgande:

I oppstartsmøte vart det satt som eit premiss at ein ikkje kan melde oppstart for planarbeidet utan at før førelegginga er behandla politisk. Vi meiner administrativt at det framleis er høve for dette, sjølv om det er gjort fleire justeringar for å kome oss i møte. Grunnlaget for at kravet oppretthaldast er hovudsakleg at:

- *Ein legg til rette for at deler av avsett areal til småbåthamn skal brukast for å oppfylle parkeringsfasilitetar knytt til private naust.*
- *Det gjennomførast ein planvaskeprosess for alle urealiserte utbyggingsføremål i kommunen. Det innebere at ein revurderer også det aktuelle området ein no ønsker å regulere. Saka bør difor avklarast politisk for å sjå om den pågåande prosessen kan ha konsekvensar for arbeidet.*

I så måte har de levert inn eit godt kunnskapsgrunnlag som vi kan bruke til å laga ein slik politisk sak, om de ønsker å gå vidare med det. Vi håpar ein slik prosess kan

vere avklarande for alle parter og at den gir forutsigbarheit inn i eit eventuelt planarbeid.

h) Vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet

I planprosessen vil ein undersøke nærare om det er spesielle interesser som vert råka av at ein regulera området som er satt av til naust og fritidsbustader i kommuneplanen. Tema som er aktuelle å vurdere er følgande:

1. Tal på fritidsbustader og naust samt småbåtanlegget, samt tal på alderssamansetninga på brukarar av naust og fritidsbustader samt brukarar av småbåtanlegget.
2. Veg/ trafikksituasjon, tilkomst/avkjørsel
3. Trafikktryggleik og tilgjenge
4. Parkering
5. Barn og unge sine interesser i planområdet
6. Landskap
7. Estetikk
8. Omsynet til naboer
9. Friluftsliv/grønne interesser
10. Naturmangfald
11. Strandsone og vassdrag
12. Kulturminne
13. Energiløysingar
14. Vatn- og avlaup
15. Renovasjon
16. Landbruk/jordvern
17. Helse, miljø og tryggleik
18. Eigedomsinngrep
19. Risiko- og sårbarheit

i) Samfunnstryggleik og risiko.

I samband med planarbeidet vil det også bli utført ei Risiko og sårbarheitsvurdering (ROS- vurdering).

Viktige tema som ein vil ta opp der er:

Flaum eller springflo, Ras/skred (stein jord leire, snø), Radon, Klima, Vind, fare for brann, biologisk mangfald, kulturminne/fornminne/ kulturmiljø/ verna bygningar, skade på strandsone, spesielle hendingar i samband med gjennomføring.

I startpakke for reguleringsplanar for regionen og i referat får oppstartsmøte går det fram at ein i utgangspunktet i ein ROS- vurdering også skal vurdere følgande tema:

- Flaum og eller springflod
- Ras/ skred (stein, jord, leire, snø), skredsikring, ekstremvær
- Skrentar/ stup/trong for gjerde
- Radon
- Forureina grunn
- Klima/ekstremnedbør
- Vind
- Industri/ verksemdar med fare for brann/ eksplosjon
- Industri/ verksemdar med fare for utslepp av kjemikaliar eller av forureining
- Lagring og eller transport av farleg gods
- Forureina grunn og eller sjøsediment
- Elektromagnetiske felt frå kraftleidningar
- Biologisk mangfald
- Kulturminne
- Fornminne
- Verna bygningar, anlegg og eller område
- Skade på vassdrag eller strandsone
- Støy
- Spesielle hendingar i samband med gjennomføring av planlagde tiltak

I kommentar frå Bømlo kommune, går det fram at ein må spesielt sjå på fare for kvikkleireskred.; «
Delar av planområdet vil liggja innanføre ein aktsomheitssone for kvikkleireskred.
Kvikkleire/områdestabilitet både på land og i sjø må sjekkast ut iht. NVE sin rettleiar.

Elles må området i tilstrekkeleg grad være sikra for mellom anna havnivåstigning og stormflo.
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap har fleire vegleiarar knytt til ROS på sine nettsider, og desse bør følgjast så langt det kan i høve til akseptkriterier vedteke av kommunen sitt kommunestyret.

<https://www.dsb.no/lover/risiko-sarbarhet-og-beredskap/>

j) Offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart

Etter eit politisk vedtak om at ein kan starte opp planarbeidet, skal planarbeidet varslast.

Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og hamnemynde, Bømlo Vatn og avlaup og Bømlo næring, natur, miljø, samfunnstryggleik/beredskap. Bømlo kommune vil då sende over liste med kontaktopplysningar, som Ingeniør Ø Jørgensen skal bruke i varslinga.

Kommunen skal ha tilsendt endeleg varsel til naboar/råka instansar, samt kunngjeringsannonse med opplysning om kunngjeringsdato i avis. Det vert varsla i Bømlo nytt, då dette er den avisa som er mest lese i Bømlo kommune.

k) Prosesser for samarbeid og medverknad frå fagmynde som vert råka, grunneigarar, festarar, naboar og andre som vert råka.

Innafor planområdet er 3 av 4 grunneigarar med på planarbeidet. Desse får heile tida oversendt alt som vert planlagt. Ein av grunneigarane har berre eit naust i planområdet, og denne grunneigaren vil bli orientert i heile planprosessen. Det er her spesielt viktig at denne grunneigaren kome med innspel på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Elles, så vil det bli det vanleg planprosess der det vert sendt ut nabovarsel der ein informerer om kvar planområdet er og kva ein ser for seg ein ynskjer få planlagt innafor dette området. Alle naboar vil også få saka tilsendt når den er til offentleg ettersyn. Etter vedtak, er det også mogleg å klage på vedtaket.

Det er truleg at planframlegget vil bli positivt motteke av naboar. Dette fordi sjøen no vil bli meir tilgjengeleg for folk. Mest sannsynleg er det naboar som kjem til å kjøpe eg naust og båtplass også. Naboar vil også truleg sjå det som positivt at eksisterande strand vil bli gjort meir tilgjengeleg, då det vil bli ein grusa turveg fram til stranda, og mogleg å gå tur tørrskodd frå Søre Naustbakken til Nordre Naustbakken. I dag er det parti med gjørme og parti som er vanskelig å gå

Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutredningar, og korleis krava i tilfelle vil kunne verta ivareteke.

vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutredninger, og korleis krava i tilfelle vil kunne verta ivareteke. Rettleiar: Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. (2017). Veiledningsnotat - Konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningslova (kommentarutgåve).	
Er planen omfatta av forskrifta § 6, planer som alltid skal konsekvensutgreiast og skal ha program?	<i>Nei.</i> <i>Viser til den siste tabellen i dette dokumentet.</i>
Er planen omfatta av forskrifta § 8, planer som skal konsekvensutgreiast dersom dei har vesentlege verknader? Rettleiing: Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. (2017). Når skal tiltak i vedlegg II konsekvensutrednes? Vurdering etter § 10 i forskrift om konsekvensutredninger (Kommentarutgåve).	<i>Nei - Kva for eit tiltak i følge vedlegg II er vorte vurdert nærmare etter forskrifta § 10?</i> <i>Kva er grunngjeving til vurderinga at planen ikkje har vesentlege verknader?</i> Ved kontroll av vedlegg II ,som er planer etter plan- og bygningsloven eller annet lovverk som skal vurderes nærmare. Har ein vurdert saken slik at det ikkje her vil vara krav til konsekvensutredning. Dette sidan det ikkje forstyrrar dei 12 punkt under. 1,. Jordbruk, skogbruk eller akvakultur. 2. Utvinningsindustri 3. energianlegg 4. Produksjon og bearbeiding av metall 5. Mineralindustri 6. Kjemisk industri 7. Næringsmiddelindustri 8. Tekstil, lærvare, trevare eller papp-industri 9. Gummiindustri 10. Infrastruktur prosjekter 11. Andre prosjekter, frå a til k 12. Turisme og fritid.

I tillegg ynskjer ein at det gjerast greie for:

Kva for eit infrastrukturtiltak (teknisk og grøn infrastruktur) er tenkt regulert og opparbeidd	1. Private vegar og gangvegar 2. Anna vegareal- grøntareal 3. Turveg 4. Vatn og avlaup
Om offentlege vatn- og avløpsleidningar vert råka	Ein vil trenge offentleg vatn og kanskje også tilkopling til offentleg avløp. Det vil då bli nytta privat pumpekum eventuelt. Det er ikkje offentleg avlaup i planområdet. Avklaringar vedr. vatn og avlaup må avklarast nærare etter oppstartsmøtet, i møte med Bømlø vatn- og avlaup(BVA).
Kva ligg føre av kartlegging, t.d. grunnundersøkingar og arkeologiske undersøkingar, per i dag	Det er ikkje utført grunnundersøkingar eller arkeologiske undersøkingar i planområdet.
Om det er spesielle undersøkingar som bør gjerast som ein del av planarbeidet	Dersom det vert vesentleg utfylling i sjø, skal ein søke om dette til Statsforvaltaren sin miljøavdeling i Vestland. Det er planlagt ei lita utviding av eksisterande molo.
Grunneigarar, rettshavarar innanfor planavgrensinga	Pekka Virtanen og Idun Mæland, er eigar av 11/8 og 11/19 Randi Gjerde er eigar av 11/4 samt det verna naustet som er på eigedom 11/19. Torgeir Steinsland er eigar av 11/1 og 11/23 Arne Gjerde er eigar av 11/75
Ein vurdering av kva planen kan tilføre området av kvalitetar for naboar/ omgjevnader/ nærmiljø.	Dette vil vere positivt for nærmiljøet. Dette fordi eksisterande veg i Naustbakken vil bli utbetra, og fordi det vil bli turveg og gangveg, langs sjø. (eit samanhengande gangforbinding mellom nordre og søre Naustbakken)

§6, vurdering av alle punkt vedlegg I

A. Tiltak og oppfatningskriterier	B. Ansvarleg myndighet og lover	C. Er det aktuelt i denne saken.
1. Industrianlegg, næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på mer enn 5000 m2. (5daa)	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven	Nei, det er ikkje aktuelt her.
2. Detaljregulering av hytte- og boligområder der planen avviker fra kommuneplan eller områdeplan.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Det er ingen avvik frå kommuneplanen.
3. Utvikling av by- og tettstedsområder.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven	Nei, det er ikkje aktuelt her
4. Hoppbakker, alpinanlegg og tilknyttede anlegg.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven	Nei, det er ikkje aktuelt her
5. Lystbåthavner med mer enn 20 båtplasser.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her. Det blir småbanlegg men under 12 småbåter.
6. Feriebyer og hotellkomplekser utenfor byområder.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
7. Permanente campingplasser.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
8. Permanente temaparker.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
9. Konkurrans- og øvingsbaner for motorkjøretøy.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
10. Utvinningsindustri, herunder masseuttak.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
11. Avfallsanlegg	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
12. Større deponier for masse på land og i sjø.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
13. Metallproduksjon og -bearbeiding, mineral-, næringsmiddel-, tekstil-, lærvare- trevare- og papirindustri og kjemisk industri.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
14. Virksomhet som skal ha samtykke etter brann- og eksplosjonsvernloven med	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven. Direktoratet for samfunnssikkerhet og	Nei, det er ikkje aktuelt her

tilhørende forskrifter, eller virksomhet som skal ha tillatelse til oppbevaring av eksplosiver i slike mengder at de blir sikkerhetsrapportpliktige etter Storulykeforskriften.	beredskap der det ikke utarbeides plan etter plan- og bygningsloven og det kreves samtykke eller tillatelse etter lov om brann- og eksplosjonsvern.	
15. Avskoging med sikte på omlegging til annen arealbruk.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikke aktuelt her
16. Golfbaner på 9 hull eller mer.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikke aktuelt her
17. Anlegg tilknyttet utvinning, utnyttelse og transport av olje og naturgass	Olje- og energidepartementet for tiltak etter petroleumsloven. Norges vassdrags- og energidirektorat for tiltak etter naturgassloven.	Nei, det er ikke aktuelt her
18. Anlegg for produksjon av elektrisk energi med en installert effekt på minst 25 MW.	Norges vassdrags- og energidirektorat. Energiloven.	Nei, det er ikke aktuelt her
19. Vindkraftverk med en installert effekt på mer enn 5 MW.	Norges vassdrags- og energidirektorat. Energiloven.	Nei, det er ikke aktuelt her
20. Utbygging av vannkraft med en produksjon større enn 30 GWh.	Norges vassdrags- og energidirektorat. Vannressursloven eller vassdragsreguleringsloven.	Nei, det er ikke aktuelt her
21. Større anlegg for kanalisering og flomsikring, større anlegg for oppsamling og kunstig infiltrasjon for gjenoppbygging av grunnvann og tiltak for permanent senkning av innsjøer.	Norges vassdrags- og energidirektorat. Vannressursloven.	Nei, det er ikke aktuelt her
22. Anlegg for samling, bearbeiding og lagring av radioaktivt avfall. Gjelder anlegg for lagring inntil 10 år.	Statens strålevern. Atomenergiloven og strålevernloven.	Nei, det er ikke aktuelt her
23. Mudringsrelatert kommersiell utvinning av mineraler fra havbunnen.	Fylkeskommunen. Kontinentalsokkelloven.	Nei, det er ikke aktuelt her
24. Veger, jernbanelinjer, sporvogn- og T-banelinjer, svevebaner.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikke aktuelt her
25. Landingsplasser for helikopter og fly og	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikke aktuelt her

utvidelse og endret bruk av eksisterende flyplasser.		
26. Fiskerihavner, offshore-relaterte havneinstallasjoner og utvidelse eller vesentlig endret bruk av eksisterende havner.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her. Det blir ikkje vesentleg endring av eksisterande hamn.
27. Vesentlige endringer/utvidelser av farleder.	Kystverket for hovedleder og bileder. Planmyndigheten for øvrige leder i kommunalt sjøområde. Plan- og bygningsloven. Havne- og farvannsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
28. Vannledningsanlegg over større avstander.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
29. Landgjenvinning fra havet.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
30. Dypboring, med unntak av boring som utføres for å studere jordbunnens fasthet, særlig geotermisk boring, boring for atomavfall og boring med sikte på vannforsyning, med en investeringskostnad på mer enn 50 mill. kr.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
31. Industrianlegg for transport av gass med en rørlengde på mer enn 20 km og en rørdiameter på mer enn 15 tommer.	Norges vassdrags- og energidirektorat. Naturgassloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
32. Kraftlinjer med en spenning på minst 66 kV og en lengde på mer enn 20 km.	Norges vassdrags- og energidirektorat. Naturgassloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
33. Anlegg for transport av vann mellom nedbørfelt.	Norges vassdrags- og energidirektorat er ansvarlig myndighet. Vannressursloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
34. Intensivt husdyrhold.	Fylkesmannen. Husdyrkonsesjonsloven	Nei, det er ikkje aktuelt her
35. Skogreising og treslagsskifte som omfatter samlet overflate på mer enn 500 dekar.	Kommunen. Skogbruksloven	Nei, det er ikkje aktuelt her
36. Reingjerder på mer enn 30 km.	Reindriftsforvaltningen i Alta. Reindriftsloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
37. Nydyrking dersom det planlagte nydyrkingsarealet overskrider 50 dekar.	Kommunen. Forskrift gitt med hjemmel i jordloven § 11 annet ledd.	Nei, det er ikkje aktuelt her

38. Bygging av landbruksvei dersom nyanlegget overstiger 5 km.	Kommunen. Forskrift gitt med hjemmel i jordloven § 11 tredje ledd og skogbruksloven § 17 a.	Nei, det er ikkje aktuelt her
39. Avskoging med sikte på omlegging til annen arealbruk av et område på mer enn 200 dekar.	Fylkesmannen. Skogbruksloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
40. Større akvakulturanlegg og settefiskanlegg for mer enn fem millioner settefisk.	Fylkeskommunen. Akvakulturloven.	Nei, det er ikkje aktuelt her
41. Utvidelser eller endringer av tiltak i Vedlegg II. Der det er gitt oppfangskriterier gjelder bestemmelsen der utvidelsen eller endringen i seg selv overskrider kriteriene.		Nei, det er ikkje aktuelt her.